



INGOLF ENGESET AS
Grytafjordvegen 926
6265 VATNE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lisa Thorstensen, 71 25 84 56

Vedtak om løyve til utfylling i sjø til Ingolf Engeset AS i Ålesund kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ferdigbehandla søknaden frå Ingolf Engeset AS, og gjev løyve til utfylling i sjø ved industriområde til Ingolf Engeset AS ved Engeset, Grytastranda i Ålesund kommune. Løyvet med vilkår er vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 33 800 for handsaming av søknaden.

Vi viser til søknad datert 06.01.2021 om løyve til utfylling i sjø ved industriområde til Ingolf Engeset AS i Ålesund kommune.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Ingolf Engeset AS løyve til utfylling av massar i sjø ved **gnr 472 bnr 85** i Ålesund kommune. Løyvet er gitt med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda om løyve skal gjevast, og ved fastsetting av vilkåra, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemperne ved tiltaket sett i samband med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet.

Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet kan ikkje nyttast før det føreligg naudsynte løyve etter plan- og bygningslova og hamne- og farvasslova, og tiltaket er klarert etter kulturminnelova.

Det kan gjerast endringar i dette løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor føreligge i god tid før endringa ynskjast gjennomført.

Løyvet til forureinande aktivitet gjev ikkje fritak frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap årsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Om saka

Ingolf Engeset AS søker om utfylling i sjø ved sitt industriområde Engeset, Grytastranda i Ålesund kommune. Det vert utfylt omlag 45-50 000 m³ masse som vil gje omlag 3000 m² nytt næringsareal til



ny tilkomstveg og utvida næringsareal for bedrifta. Massane vil bli dumpa frå lastebil frå fylkesvegen i perioden 15.02.2021 til 01.05.2021. Massen som vert nytta er sprengt fjell frå Terøy. Ingolf Engeseth AS opplyser at massane er reine då det vart brukt elektroniske tendarar då dei vart sprengd ut.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring frå 26.01.2021 til 22.02.2021. Vi fekk inn høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Bergen Sjøfartsmuseum og Ålesund kommune.

Møre og Romsdal fylkeskommune og Ålesund kommune har ingen innvendingar til tiltaket.

Bergen Sjøfartsmuseum har heller ingen innvendingar, men vil minne om meldeplikt til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Statsforvaltaren vurderingar

I følgje Lov av 13. mars 1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 7 er det ikkje lov å sette i verk noko som kan medføre fare for forureining. Forureiningsmyndigheta kan gjeve løyve til verksemd som kan føre til forureining etter § 11 i den same lova. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er av den oppfatning at tiltaket som søkast om kan medføre fare for forureining og difor krevjar eit løyve etter forureiningslova § 11.

Sjøbotn i tiltaksområdet er oppgjeve i søknaden å bestå av sand, fjell og stein. På land er det steinfjøre og berg. Ein dykkar har inspisert botnen ned til 42 m og bekrefta at det er sikker grunn til å etablere ei stabil fylling. Det er oppgjeve at det ikkje er kjelder til forureining i nærleiken. Det er ikkje tatt prøver for å kartlegge miljøgiftinnhold i tiltaksområdet.

Tiltakene, slik de er beskrevet i søknaden, er av relativt begrenset omfang og varighet, men noe oppvirvling og spredning av partikler må påberegnes i tiltaksperioden. Tiltakene bør utføres skånsomt for å begrense blakking av sjøvann og eventuell tilslamming.

Utfyllinga som er omsøkt ventast ikkje å medføre ein risiko for nemneverdig spreieing av miljøgifter. Vi ser det difor ikkje som naudsynt med omfattande avbøtande tiltak mot spreieing. Tiltaket skal overvakast visuelt med fokus på å avdekke uheldig spreieing av partiklar i vassmassane, jf. vilkår 5.1. Dersom steinmassane er dekkja av mykje finstoff, må det vurderast tiltak for å redusere finstoffmengda.

Tiltakshavar opplyste i søknaden at sprengstein skal nyttast til utfyllinga, og at denne er rein og fri for forureina komponentar då det vert brukt elektroniske tendarar då dei varet utsprengd. Bruk av elektroniske tendarar gjev ein antatt mindre plastforureining. Sprengstein inneheld ofte restar av sprengtråd eller anna avfall som kan spreie seg i naturen. Vilkår 4.5 i løyvet skal sikre god handsaming av slikt avfall under tiltaket.

Fylkesmannen har vurdert tiltaket etter Lov om naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har tatt utgangspunkt i opplysningar oppgitt i søknaden og informasjon frå databasen Naturbasen, Grunnforuresning, Vann-Nett og Fiskeridirektoratets kartverktøy. Vi finner at den føreliggande kunnskapen er tilstrekkeleg til å behandle søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Vi ser ingen grunn til å legge spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saken, jf. § 9.



Etter § 10 i naturmangfoldloven skal en påvirkning på et økosystem alltid vurderes ut fra den samlede belastningen som økosystemet blir utsatt for. Vi finner det lite sannsynlig at de omsøkte tiltakene vil medføre et vesentlig bidrag til den samlede belastningen i området.

Etter § 11 i naturmangfoldlova skal tiltakshavar dekke kostnadene ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfoldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i karakteren til tiltaket og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar gjennomfører avbøtande tiltak slik dei vert skildra i løyva, og dekkjer eventuelle kostnader av desse tiltaka. Dei avbøtande tiltaka er også i tråd med § 12 i naturmangfoldlova, der det settast krav til bruk av miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfoldet.

Den økologiske tilstanden til Grytafjorden vart i 2019 kategorisert som god i vann-nett. Det er ikkje registrert grunnforureining det aktuelle utfyllingsområdet. Naturbase har ikkje registreringar i det aktuelle utfyllingsområdet.

Det er ikkje avdekkja interessekonfliktar gjennom søknaden eller høyringa av denne. Tiltaket vurderast i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Konklusjon

Statsforvaltaren gjev løyve til utfylling av massar etter fastsette vilkår. På bakgrunn av desse vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre vesentleg spreining av forureining og partiklar eller skade på naturmiljøet.

Fristar

- Løyvet skal offentleggjerast i dagspressa så snart som mogleg.
- Det skal gjevast melding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket startast.
- Løyvet er gyldig til og med 31.12.2021.
- Sluttrapport i tråd med vilkår 5.2 skal sendast til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at utfyllinga er ferdigstilt.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast inn til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltningslova, av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klagen skal grunnjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Dersom vedtaket klagast på, kan Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klaga er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Klaga skal sendast via Statsforvaltaren.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om igangsetting kan ikkje klagast på.

Gebyr

Ingolf Engeset AS skal betale eit gebyr på kr 33 800 for Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si handsaming av søknaden, jf. *forskrift om begrensning av forurensning* av 01.06.2004 kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. Sakshandsaminga av



søknaden er plassert i gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Faktura vert ettersendt frå Miljødirektoratet.

Det kan klagast på storleiken til gebyret innan tre veker. Gebyret skal likevel betalast innan fristen. Dersom klaga får medhald vil det overskytande beløpet verte betalt tilbake. Klage på storleiken skal føreliggjast Miljødirektoratet, men sendast via Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Eit forslag til kunngjeringstekst er vedlagt. Verksemda kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren logo skal ikkje nyttast.

Fylkesmannen vil kunngjere vedtaket på sine nettsider www.statsforvalteren.no under «Forureining» og «kunngjeringar».

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Lisa Thorstensen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Løyve til utfylling i sjø til Ingolf Engeset AS i Ålesund kommune
- 2 Forslag til kunngjeringstekst - Ingolf Engeset AS i Ålesund kommune

Kopi til:

Ålesund kommune
Ha-Plan AS

Postboks 1521

6025 ÅLESUND



Løyve for Ingolf Engeset AS til utfylling i sjø ved industriområde ved Engeset, Grytastranda

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det også føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå dags dato og er gyldig fram til **31.12.2021**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Ingolf Engeset AS
Lokalisering/gateadresse	Grytafjordvegen 926
Postadresse	6265 Vatne
Org. nummer (bedrift)	
Lokalitet for tiltaket	Grytafjordvegen 926
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 6936145, Y: 362970
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 472 bnr. 85
Kommune tiltaket utførast i	Ålesund

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2021.0197.T	1507.0495.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
02.03.2021	-	-

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Lisa Thorstensen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Skildring
-	-	-	-

¹ Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med reine massar som vil gje eit utvida område på om lag 3000 m² ved eigedom gnr 472 bnr 85 i Ålesund kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til formålet.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 06.01.2021 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen Sjøfartsmuseum kontaktast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.
- 3.4 Den ansvarlege skal sørgje for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf.



forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe.

Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.

3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

3.6 Støy fra utfyllingsarbeidene og/eller anleggstrafikk skal ikke overskride grense-verdiene i Miljøverndepartementets" Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T1442/2016).

4. Utfylling i sjø

4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.

4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden.

4.3 Det skal nyttast metodar for utfylling som minimerer faren for spreieing av forureining.

4.4 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiene fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere egna til formålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudformålet er å kvitte seg med massane.

4.5 Eventuell sprengtråd, skyteleiing og anna avfall i utfyllingsmassane skal fjernast før massane leggjast i fyllinga.

4.6 Tiltaket skal utførast under eigna vind- og bølgetilhøve for å redusere uheldig spreieing av partiklar.

5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet med fokus på å avdekke uheldig spreieing av partiklar og slam. Om det vert gjentakande problem med stor spreieing av partiklar i vassmassane, må det vurderast tiltak for å redusere partikkelspreieinga, som meir forsiktig utlegging av massane eller å fjerne finstoff frå steinmassane før dei dumpast i sjøen.



6. Rapportering

6.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Fylkesmannen innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Skildring av høve knytt til partikkelspreiing og liknande, og eventuelle avbøtande eller korrigerande tiltak som vart gjort.